

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
069/23	Formannskapet	PS	06.09.2023
074/23	Heradsstyret	PS	20.09.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Linda Judith Svidal Nordås	23/1443

## Søknader om tilskot, lån og kommunal garanti: Sherpatrappertil Bruviknipa

### Vedlegg:

Prosjekt Bruviknipa

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

**Søknad om kommunal garanti: Kommunedirektøren ber Osterøy turlag sende inn ny søknad om dette når prosjektet er fullfinansiert.**

**Søknad om kommunalt lån på 3 000 000 vert avslått grunna mangel på budsjettdekning.**

**Søknad om tilskot på 500 000 vert avslått grunna mangel på budsjettdekning i driftsbudsjettet, samt for lågt dispensasjonsfond.**

### Formannskapet - 069/23

#### FS - behandling:

Ordføraren sette fram slikt fellesframlegg på vegne av alle parti (SP, H, FRP, AP):

**"Søknad om kommunal garanti: Kommunedirektøren ber Osterøy turlag sende inn ny søknad om dette når prosjektet er fullfinansiert.**

**Søknad om kommunalt lån på 3 000 000 vert avslått grunna mangel på budsjettdekning.**

**Osterøy kommune gjev tilsegn på tilskot på kr 300 000 med vilkår om at prosjektet vert fullfinansiert, har godkjent spelemiddelsøknad og kommunal lånegaranti vert innvilga.**

**Tilskotet vert dekket frå dispensasjonsfondet"**

#### AVRØYSTING:

Ordføraren sitt fellesframlegg vert samrøystes vedteke

#### FS - vedtak:

Formannskapet innstiller slik:

**Søknad om kommunal garanti: Kommunedirektøren ber Osterøy turlag sende inn ny søknad om dette når prosjektet er fullfinansiert.**

**Søknad om kommunalt lån på 3 000 000 vert avslått grunna mangel på budsjettdekning.**

**Osterøy kommune gjev tilsegn på tilskot på kr 300 000 med vilkår om at prosjektet vert fullfinansiert, har godkjent spelemiddelsøknad og kommunal lånegaranti vert innvilga.**

**Tilskotet vert dekkja frå dispensasjonsfondet**

### **Heradsstyret - 074/23**

#### **HS - behandling:**

Framlegg og votering i saka kjem fram av voteringsprotokollen som ligg ved den samla møteboka

#### **HS - vedtak:**

**Søknad om kommunal garanti: Kommunedirektøren ber Osterøy turlag sende inn ny søknad om dette når prosjektet er fullfinansiert.**

**Søknad om kommunalt lån på 3 000 000 vert avslått grunna mangel på budsjettdekning.**

**Osterøy kommune gjev tilsegn på tilskot på kr 300 000 med vilkår om at prosjektet vert fullfinansiert, har godkjent spelemiddelsøknad og kommunal lånegaranti vert innvilga.**

**Tilskotet vert dekkja frå dispensasjonsfondet**

#### **Saksopplysningar:**

##### **Saksopplysningar:**

Osterøy turlag ynskjer å utbetre stien og bygge sherpatrappar til Bruviknipa. Dei arbeider per i dag med ein finansieringsplan, og har i den forbindelse søkt Osterøy kommune om kommunal garanti for lån, lån og tilskot.

Søknad om kommunal garanti for lån kom kommunen i hende i november 2022. Administrasjonen sitt foreløpige svar var at dette er ein søknad som ikkje kan behandlast før prosjektet har ein fullstendig og godkjent finansieringsplan. Dette er ein vurdering Osterøy turlag er samd i, og dei har bede kommunen om å vente med behandling av dette. Denne søknaden vert likevel lagt fram for behandling fordi kommunen skal bytte sakssystem, og flest moglege saker bør difor behandlast for å kunne avsluttast i noverande system. Osterøy turlag er kjent med dette.

Våren 2023 søkte Osterøy turlag Osterøy kommune om eit lån på 3 000 000 for å kunne utbetre og bygge sherpatrappene.

I august 2023 kom det søknad om tilskot til prosjektet på 500 000.

#### **Bakgrunn**

Visit Bergen har med støtte hos Osterøy utvikling marknadsført Bruviknipa med tilkomst frå Båtaleitet. Dette har medført at stien har fått auka slitasje. Osterøy turlag har utforma ein prosjektskildring som viser at stien fleire stader har fått så stor slitasje at det har utvikla seg parallelle stiar. Vidare viser prosjektskildringa at det er ynskjeleg med sherpatrappar i dei brattaste partia. Dette skal vere i tråd med grunneigarane sine ynskjer, og låser turlaget til ei kostnadskrevjande løysing. Viser til prosjektskildring.

#### **Vurdering**

Vurderinga av disse søknadane må ta omsyn til reiseliv og friluftsliv. I tillegg må det gjerast økonomiske vurderingar, både med tanke på juss og med tanke på økonomien til Osterøy kommune.

#### *Friluftsliv inkludert folkehelse*

Osterøy kommune har i følgje Friluftslova §§ 22 og 35 ansvar for å legge til rette for friluftsliv, ta i vare allmennheta sine interesser i friluftsliv, samt setje i gang tiltak for å lette ferdsel langs turruter og turstiar i utmark. Osterøy kommune er i oppstartsfasen av plan for friluftslivets ferdselsårer. Dette er ein temaplan som vil legge føringar for Osterøy kommune sine prioriteringar for utvikling av friluftsliv i framtida.

Det er ingen tvil om at friluftsliv gjev god folkehelse. Det er eit lågterskeltilbod med låge kostnader for brukarane.

Kommunedirektøren finn det uheldig om ein startar å gje tilskot til prosjekt utan forankring i vedtekne planer. Det kan gje eit inntrykk av «førstemann til mølla», og er ikkje ei utvikling administrasjonen ynskjer.

#### *Reiseliv*

Osterøy kommune bør i framtida vere meir involvert i kva attraksjonar som vert marknadsført av Visit Bergen i kommunen, slik at ein kan gjere hensiktsmessige risikoanalysar for områda som vert omfatta. Auka turisme får konsekvensar for natur- og nærmiljø, både positive og mindre heldige. Utfordringa er at vi uansett vil ha liten og ingen kontroll på marknadsføringa som skjer via sosiale medium av privatpersonar med store følgjartal. I framtida bør difor dialogen mellom Osterøy kommune og Osterøy utvikling vere meir konkret, og ha fokus på langsiktige konsekvensar og ynskja utvikling.

#### *Miljø*

I området er stien skal gå, er det registrert fleire raudlista arter. Kommunen har motteke og handsama søknad om dispensasjon frå kommuneplanen for utbetring av tursti/bygging av sherpa-trapper, som er innvilga. I dette vedtaket er miljøperspektivet vurdert. Det er ikkje motteke nokon andre søknadar eller informasjon knytt til tiltaket.

#### *Økonomi*

Søknad om kommunal garanti må ein komme tilbake til når prosjektet er fullfinansiert. Ein må då vurdere om turlaget har økonomi til å klare avdraga. Det er mest aktuelt å garantere for spelemiddelandelen og MVA-kompensasjonsdelen av prosjektet. Denne delen vil i følgje dagens regelverk for tildeling av spelemidlar vere på inntil 50 %, + MVA-kompensasjon.

Reglane for økonomiske tilskot er klare. Skal vi gje tilskot over investeringsbudsjettet, må vi eige stien. Vi treng ikkje eige grunnen. Dette er eit prosjekt Osterøy turlag har sett i gang, og der dei eig spelemiddelsøknad. Dei vil då eige stien. Osterøy kommune kan difor ikkje gje tilskot over investeringsbudsjettet. Alternativet er at Osterøy kommune tek over heile prosjektet. I så fall må dette inn på investeringsbudsjettet, og sjåast i lys av prosjekt som ny ungdomsskule og Omsorg +. Kommunedirektøren rår frå at ein tek på seg fleire prosjekt over investeringsbudsjettet på dette tidspunktet. Kommunen vil i så måte òg sitte med ansvar for vedlikehaldet i 30 år.

Skal ein yte tilskot og/eller lån til prosjektet, må dette takast på driftsbudsjettet. Det er ikkje midlar til dette i 2023. Kommunedirektøren ser på det som usannsynleg at ein vil finne midlar i budsjettprosessen for 2024.

Vidare rår kommunedirektøren frå å løyve midlar frå dispensasjonsfondet, fordi dette er lågt og lågare enn det heradsstyret har vedteke at det skal vere.

## **Konklusjon**

Den heilskapelege vurderinga er at Osterøy kommune ikkje har juridisk eller økonomisk moglegheit til å bidra til prosjektet, til tross for at ein er samd i vurderinga av at stien bør utbetrast. Dei økonomiske vilkåra må vege tyngre enn forpliktingane i Friluftsløva, spesielt sidan Friluftslivsområdet står utan vedteken plan.